

**Fra:** [!Postmottak OED](#)  
**Til:** [Molvær Tuva Magritt](#);  
**Emne:** VS: Kraftlinja Mongstad -Kolsnes  
**Dato:** 13. mai 2011 14:22:10

---

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Steinar Haugland [<mailto:steinargh@yahoo.no>]

Sendt: 13. mai 2011 14:13

Til: !Postmottak OED

Emne: Kraftlinja Mongstad -Kolsnes

Synspunkt i samband med kraftlinja Mongstad/Kolsnes

Som formann i Radøy Friidrettslag har eg nokre synspunkt til den planlagte luftlinja mellom Mongstad og Kolsnes.

For Radøy FIL vert linja kort og godt ein katastrofe ettersom det er her laget har dei største aktivitetane. Det er naturen med alle vatna og skogen med alle sine stiar som gjer området mellom Mjøs og Kvalheim so unikt. I laget har me mange kanoar som står til fri disposisjon for dei som måtte ynskja det. Vi tar skuleungdommar og unge for øvrig med på padleturar i dette padleeldoradoet.

Mellom Ottertjødna og Færvatnet har me ein post der folk skriv seg inn i ei bok.

Posten vart åpna for 20 år sidan under aksjonen "Folk i form til OL 94"

Berre sidan 1995 har 75.000 personer registrert seg her.

I år 2011 forventar me 6000 registreringar, men ca halvparten av dei som brukar området registrer seg ikkje. Så totalt vil 9000 personer passere under linja på veg ut og inn i skogen. Noko som betyr 18000 passeringar under linja. Noko som igjen betyr 18000 negative tankar.

Denne turløypa gir ein stor helsegevinst til folk og samfunnet sparer enorme pengesummar, ettersom det for det meste er godt voksne folk som går her. Den spesielle friluftskatedralen, kor det vert haldi gudstjenesta fleire gongar i året, ligg også i området ca eit steinkast frå linja.

Ikkje la kortsiktig pengegevinst avgjera saka, men tenk heilhet og tenk langsiktig.

Nordhordaland har fått nok gift og dritt frå Mongstad/Sløvåg/Fedja ubåt, og no stråling frå ei skjemmaende kraftlinje.

Me krev at de legg kabelen i jord eller sjø.

Med helsing

Steinar Haugland

Leiar Radøy Friidrettslag